



**Skjåk kommune**  
**Personal, kompetanse og**  
**utvikling**

Arbeidsdepartementet  
Postboks 8019 Dep  
0030 Oslo

Vår ref  
2010/534/7/F12

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Unnvald Bakke

Dato  
15.10.2010

[unnvald.bakke@skjaak.kommune.no](mailto:unnvald.bakke@skjaak.kommune.no)

**Uttale til NOU: 5 : "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering"**

Oversender høringsuttale frå Skjåk kommune på NOU: 5 : "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering".

Med helsing

  
Unnvald Bakke

**Postadresse**

2690 Skjåk  
E-post: [post@skjaak.kommune.no](mailto:post@skjaak.kommune.no)

**Heimeside**

[www.skjaak.kommune.no](http://www.skjaak.kommune.no)

**Telefon**

61217000

**Telefaks**


61217001

**Bank**

2085.07.40004

**Org.nr**

961381096

	<b>Skjåk kommune</b>	<b>Arkivsak:</b> 2010/534-4
	Personal, kompetanse og utvikling	<b>Arkiv:</b> F12
		<b>Saksbehandlar:</b> Unnvald Bakke
		<b>Dato:</b> 12.10.2010

**Saksframlegg**

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
10/10	Helse- og omsorgsutvalet	14.10.2010

**Uttale til NOU: 5 : "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering"**

## Vedlegg

- 1 Samandrag av NOU 2010:5
- 2 Referat frå møte i brukarrådet 11.10.2010

**Saksutgreiing**

Holte – utvalet si innstilling foreslår at administrering av hjelpemiddel skal over frå stat til kommune.

Noregs Handikapforbund har sendt ut ei oppfordring til alle brukarråd om å drøfte saka, og oppfordre kommunane om å uttale seg om dette.

Brukarrådet drøfta dette i møte måndag 11.10. 2010 og kom med fylgjande konklusjon og oppfordring til Skjåk kommune:

**Konklusjon:** Brukarrådet sluttar seg til innstillinga frå Noregs Handikapforbud: ” *Kommunalt råd for funksjonshemmede ber kommunen, ved kommunestyre eller formannskap, om å avgi høringssvar på NOU 2010:5 ” Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering” med frist 15. oktober 2010.*

*Høringens forslag om å overføre dagens statlige ansvar for hjelpemidler til kommunene må avvises og Rådet ber derfor om følgende uttalelse blir vedtatt som høringssvar:*

”Kommunene mener retten til hjelpemidler fortsatt skal ligge til folketrygdloven med et statlig finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemmede tilgang til hjelpemidler på alle livsområder, med mulighet til å leve et selvstendig liv. De økonomiske utfordringer kommunene står overfor gir lite rom for nye omfattende oppgaver på dette området. Retten til hjelpemidler må være uavhengig av geografisk bosted og kommuneøkonomi. Staten bør i stedet forbedre hjelpemiddelformidlingen ved å bidra til å styrke kommunenes ergoterapitilbud og rehabilitering samt styrke vaktmestertjenesten for reoperasjon av hjelpemidler.” ( Sitat slutt)

**Tillegg frå Brukarrådet i Skjåk:** Skjåk kommune er redd for at tilbodet til innbyggjarane blir

svært mykje dårlegare. Kommuna vil ha store vanskar med å ivareta behovet til barn, unge og vaksne med spesielle behov, fordi kommuna ikkje vil greie å skaffe god nok kompetanse. Pr. i dag har kommuna og brukarane svært god nytte av den kompetansa ein får frå Hjelpemiddelsentralen på Gjøvik, i forhold til opplæring og hjelpemiddel.

### **Vurdering**

Dersom kommunen skal overta det ansvar og dei oppgåver som Hjelpemiddelsentralen i dag har, vil dette skape nye utfordringar for kommunen.

Uttala frå Handikappforbundet fokuserar på økonomi, og uttrykkje bekymring for om alle kommunar vil vere i stand til å ivareta dette slik at brukarane opplever at ordninga blir vidareført med minst same kvalitet som tidlegare.

Utvalet sine intensjonar i utgreiinga og med forslaget om å gjereordninga kommunal er mellom anna å la hjelpa kome nærare brukaren og det tenesteapparatet som er rundt. Slik meiner utvalet at hjelpemiddel betre blir integrert i det samla tenestetilbodet rundt brukaren, sikrar betre brukarmedverknad, og slik betre tilpassing til brukaren sine behov, mellom anna for å få fleire frå denne brukargruppa i arbeid.

Utgreiinga omfattar mange områder som ikkje vert omfatta av uttala frå brukarrådet. Brukarrådet fokuserar både på finansiering og kompetanse.

Rådmannen deler uroa over at dei økonomiske rammene til kommunane kan bli avgjerande for standard og omfang på hjelpetiltaka. Det vil vere viktig at kommunane sikrast rammer som gjer det mogeleg å fylgje opp rettane til brukarane på minst same nivå som i dag.

Kommunane har, og vil stadig få ansvar for fleire oppgåver i forhold til eigne innbyggjarar.

Dette vil bli stadig meir utfordrande for små kommunar og små fagmiljø å ta seg av mangfaldet i behov hjå brukarar.

Samarbeid med nabokommunar og i regionen vil verte stadig viktigare for å møte slike utfordringane ikkje minst i forhold til å kunne etablere store nok fagmiljø.

Rådmannen ser ikkje grunn til å frykte at vi vil mangle kompetanse for å fylgje opp dei oppgåver kommunane vil få.

### **Rådmannens innstilling**

Framlegg til uttale frå Skjåk kommune (utskrift av møtet i Brukarrådet vil bli lagt ved):

1. Skjåk kommune er positiv til at oppgåver blir desentralisert frå sentrale etatar til kommunane.
2. Kommunane må sikrast økonomiske rammer og vilkår slik at brukargruppene kan vere trygge for at kvaliteten på tenestene blir vidareført på minst same nivå.

### **Behandling i Helse- og omsorgsutvalet - 14.10.2010**

Forslag:

Skjåk kommune støttar uttala frå Handicapforbundet med tillegg frå Brukarutvalet

### **Vedtak i Helse- og omsorgsutvalet - 14.10.2010**

Skjåk kommune støttar uttala frå Handicapforbundet med tillegg frå Brukarutvalet:

*"Kommunene mener retten til hjelpemidler fortsatt skal ligge til folketrygdloven med et statlig*

*finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemmede tilgang til hjelpemidler på alle livsområder, med mulighet til å leve et selvstendig liv. De økonomiske utfordringer kommunene står overfor gir lite rom for nye omfattende oppgaver på dette området. Retten til hjelpemidler må være uavhengig av geografisk bosted og kommuneøkonomi. Staten bør i stedet forbedre hjelpemiddelformidlingen ved å bidra til å styrke kommunenes ergoterapitilbud og rehabilitering samt styrke vaktmestertjenesten for reperasjon av hjelpemidler.”*

**Tillegg frå Brukarrådet i Skjåk:** *Skjåk kommune er redd for at tilbodet til innbyggjarane blir svært mykje dårlegare. Kommuna vil ha store vanskar med å ivareta behovet til barn, unge og vaksne med spesielle behov, fordi kommuna ikkje vil greie å skaffe god nok kompetanse. Pr. i dag har kommuna og brukarane svært god nytte av den kompetansa ein får frå Hjelpemiddelsentralen på Gjøvik, i forhold til opplæring og hjelpemiddel.*

Samrøystes.